



Referat frå 10. møte i politisk komité P2 – Politisk organisering, lokaldemokrati og innbyggjarmedverknad

Dato: 23.2.2017
Tid: 09:00 til 15:30
Møteleiar: Kari Grindvik
Stad: Ørskog Rådhus
Frammøtte: Nils Magne Abelse, Frode Andresen, Åse Kristin Bakke, Helene Børretzen Fjørtoft, Kari Grindvik, Modolf Hareide, Svein Harsjøen, Mads Solberg, Geir Skodje, Geir Stenseth, Anny Sønnerland, Øystein Tvedt
Forfall: Irene Kalstad Aase, Elin Moen, Trine Otterlei, Synnøve Synnes, Bente Glomset Vikhagen

For å få betre progresjon i arbeidet har komiteen delt seg i to arbeidsgrupper. Desse arbeidar respektivt med delegeringsreglement og kommunedelutvalsordning. Gruppe 1, som arbeidar med delegering, møtast 09:00. Gruppe 2, som arbeidar med kommunedelutval, møter 11:30 til felles lunsj og samling. Som leiar for prosjektet møter Kari Grindvik i begge gruppene ved høve. Mads Solberg koordinerer, og deltek som referent for begge gruppene.

ARBEIDSGRUPPE 1 - DELEGERINGSREGLEMENT

1) Avklare forventingar, forankring og framdrift for vegen vidare for arbeidsgruppe 1.

Moment som kom opp i drøftinga:

Delegeringsreglement må gjere det klart og tydeleg kven som har ansvar for de einskilde saksområda.

Ein må sikre forankring av arbeidet med nytt delegeringsreglement, slik at produktet er noko alle er komfortable og fortrulege med.

Kommunestyret kan delegere arbeidsoppgåver, men ikkje delegere ansvar. Slike prinsipielle forståingar må inngå i folkevaltopplæringa som inngår i den nye politiske styringsstrukturen. Ein bør vurdere ein felles opplæringsarena for både administrasjon og folkevalde om viktige prinsipielle tema ved offentleg politikk og forvaltning. Folkevalde må blant anna ha ein god forståing av kva som ligg i ombudsrolla dei skal tene.

Det er naudsynt å avklare kva rolle dei lovbestemte fredsordningane (eldreråd, ungdomsråd, RMMNF) skal spele i den nye strukturen. Skal ein ha lokale råd knytt til kvar kommunedel, med eit leiarorgan som kopling mot det nye kommunestyre og komiteane der, eller skal ein ha eit felles råd for heile kommunen? Ein kan for eksempel ha ei ordning med to eldrerepresentantar i kvart kommunedelutval, som danner eit felles råd for heile kommunen.

Sjå: <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/Verktoy/lokaldemokrativeilederen/kommunen-og-innbyggerne/eldrerad-og-rad-for-personer-med-nedsatt-funksjonsevne/id2425376/>, for detaljar.

Ein er samde om at utkastet som komiteen skal legge fram om delegering, stoppar ved delegering til rådmannsnivå. Det vil si at ein skal i utkastet seie noko om kva grad av delegering som gjerast til formannskap, og politiske organ som kommunestyrekomiteane.

Om ein skal nytte prinsipp for maksimal delegering, bør det vere klart og tydeleg at i saker der ein oppfyller vilkår, til dømes når det gjeld rett på eit løyve, då skal ikkje saka behandlast politisk.

Ein bør nytte digitale løysingar for delegeringsreglement, som gjer det lett å sjå kven som har avgjerdsmynde i ei sak, og som forenkler arbeidet med å halde reglementa og delegasjonskjedene oppdaterte.

Ein må og vurdere reglement for delegering til ordførar og varaordførar. Her bør komiteen sjå på om det er fullmakter som eventuelt bør takast tilbake i kommunestyret i ei ny kommune (til dømes fråtreiding frå kommunestyret på grunn av ulike grunnar), eller om ein bør delegere meir på andre områder.

Dersom ein har godt formulerte og klare plandokument og strategiar, er det ikkje noko problem at administrasjonen har stor delegert mynde. Ein bør vurdere om ein skal opprette mekanismar som gjer at avgjerder i spørsmål som faller utanfor plandokumenta går til politisk behandling, særleg når desse er av stor prinsipiell betyding, eller har store strategiske konsekvensar. Ein må vurdere om til dømes dispensasjonssøknadar bør gå til politisk behandling (jamfør slik dei gjer det i Skodje).

I nye Ålesund bør ein vurdere å nytte ei koordineringsnemnd, der rådmann, kommunalsjefar og leiingar for komitear og utval møtast og fordelar sakar til politisk behandling i dei ulike organa.

FELLESEDEL

2) Godkjenning av sakslista og innkalling.

3) Tankemyldring og diskusjon om vegen vidare.

Til neste møte i komiteen, bør ein prioritere arbeid med å få klart eit reglement til den nye kommunen sitt formannskap – dette fordi formannskapet sitt reglement/mynde har store konsekvensar for kva som delegerast nedover i *andre* politiske organ.

Det er og samstemtheit i gruppa om å problematisere direktevalsordninga som er beskrive i intensjonsavtalen. Intensjonen bak ei slik ordning var å sikre legitimitet og sikre ei brei samansetning som tek utgangspunkt i lokale behov. Til tross for at ei slik ordning vil kunne sikre legitimitet. Denne sjåast på som problematisk av fleire grunnar.

Ei slik ordning vil vere først og fremst vere utfordrande å gjennomføre reint praktisk, sidan ein då må ha to lister til kommunevalet i 2019.

Når det gjeld direkte val, skal vallovas regler gjelde så langt det er hensiktsmessig, og sjølv om ikkje ein må halde valet samtidig med kommunestyrevalet, er det mest praktisk å gjere dette saman.

Ved direkte val må ein må først avgjere kva slags nivå ein skal rekruttere kandidatar gjennom (innhenting av listeforslag). Skal ein t.d. nytte dei etablerte politiske partia til å fremme lister, eller andre typar lag og foreiningar med lokal forankring? Kommuneleva seier ingenting om kva slags grunnlag medlemmar til desse vala skal bli oppnemnt på.

Forskrift om direkte val til kommunedelsutvalg seier i §3:

«Dersom listeforslaget ikke utgår fra et registrert parti, må det være underskrevet av minst like mange personer med stemmerett i kommunedelen som det skal velges medlemmer av kommunedelsutvalget. Dersom listeforslaget utgår fra et registrert parti som har lokallag i kommunen eller kommunedelen, er det tilstrekkelig at listeforslaget er underskrevet av to av styremedlemmene i lokallaget.»

Ei anna utfordring vil vere å sikre tilstrekkeleg tal på kandidatar; ein kan til dømes kome i ein situasjon der nokre av kommunedelane ikkje har tilstrekkeleg representantar som meldar seg (merk at valstyret vel om valbarheit til kommunedelutvala skal avgrensast til å omfatte berre dei som er busett i vedkommande kommunedel).

Alternativet til direkte val, er at partia fordelar posisjonar i kommunedelutvala etter at valet er gjennomført; t.d. ved å fordele desse til dei som står på varamannsliste til utvala. Ei slik ordning vil også gjere det mogleg å sikre ei type gjennomgåande representasjon ved at nokre av dei som er aktive i kommunedelutvala også er orientert om aktiviteten i kommunestyret, og kan fungere som ei kopling opp mot dei.

Alternativt kan ein gjennomføre val i form av frammøte på årsmøte i kommunedelutvalet. Ein kan til dømes også kombinere ei slik ordning med oppnemning gjennom partia (til dømes at seks representantar blir fordelt gjennom partia, og fem veljast på årsmøtet). Då kan ein sikre at også dei som ikkje er med i lokalpolitikken gjennom det formelle politiske systemet, kan delta og bidra inn mot utviklinga av kommunedelen – då kan f. eks. lokale lag og foreiningar stille kandidatar til denne kvota. Ei slik ordning kan også fungere som ein rekrutteringsarena i lokalpolitikken.

Generelt kan ein sei at jo meir kommunedelutvala er vevd saman med kommunen sitt formelle styringssystem, jo meir naturleg er det å nytte partia som organiserande prinsipp for rekruttering.

Ei avklaring om valordninga, og kor vidt komiteen kan utfordre intensjonsavtalen på dette området er det første som må vere på plass før sommaren. Dette er eit prinsipielt viktig spørsmål å få avklart, fordi det har konsekvensar for nominasjonsprosessen i dei politiske lokallaga i nye Ålesund. Ideelt sett bør valordninga vere klar før sommaren, og seinast innan fellesnemnda har møte i juni.

DEL 2: KOMMUNEDELSUTVAL

Utforming av geografiske grenser og prinsipp for inndeling og oppgåver i høve til kva utvala skal arbeide med, heng nøye saman.

Det er knytt stor interesse for kommunedelutvalsordninga i den nye kommunen.

Men ein må balansere det ideelle med kva som er praktisk og realistisk mogleg å få til i nye Ålesund dei første fire åra.

Sjølv om intensjonsavtalen seier mykje om temaet, er det framleis mykje runde formuleringar og innhaldet må konkretiserast ytterlegare.

Målet må vere å invitere til medverknad: om einingane oppfattast som unaturlege blir det ikkje nært nok for folk, og ein vil ikkje klare å skape engasjement. Kritikken av storkommunar er ofte at man mister lokalengasjement. Så lokal identitet og tilhøyring er viktig; det nære og kjente kan vere ein

ressurs for den nye kommunen ved at det stimulerer til mobilisering. Samtidig må ein ikkje berre reprodusere gamle kommunegrenser og sementere gamle identitetar.

Det må vere rom for at kommunedelutvala tek opp saker som engasjerer lokalt; til dømes skule, barnehage etc.

Fleire av komiteen medlemmer peikar på at næring og næringsutvikling, t. d. føringar for forvaltning av næringsfond – slik det er beskrive i intensjonsavtalen - kan vere spennande og meningsfulle oppgåver for kommunedelutvala.

Samtidig, er det uklårt kva som ligg i det at dei skal ha "budsjettansvar på avgrensa område som gjeld kommunedelen".

Ein bør undersøke korleis lokalutvala kan kombinerast med andre typar innbyggjarundersøkingar (digitalt), til dømes for å stimulere til aktive diskusjonar om aktuelle tema.

Eit spørsmål ein bør avklare er kor vidt kommunedelutvala skal vere like, og om dei skal ha dei same oppgåvene. Kan ein ha ei ordning der desse er ulikt samansett og organisert? Ein risiko er at det blir ulikt internt i kommunen i kva slags grad lokalmiljøa blir representert i styringa av området. Utvala må ivareta ein kopling inn mot kommuneleiinga, både politisk og administrativt – og felles rammer er ein måte å ivareta dette på. Gjennom felles rammer kan det avsetjast naudsynste administrative ressursar som gjer det mogleg å omsette arbeid i kommunedelutvala til konkrete resultat. Tilstrekkelege administrative ressursar vil og kunne sikre at kommunedelutvala sin levedyktigheit ikkje blir heilt personavhengig og knytt til leiarane av utvalet.

Ein må og spørje om kommunedelutvala slik dei er beskrive i intensjonsavtale er framtidsretta nok, og egna til å skape engasjement i det heile. Desse organa må utformast slik dei er godt egna til å sikre at informasjon når ut til ytterkantane av kommunen, og at detaljkunnskap kan komme inn til sentrale ledd.

Gruppa diskuterte også korleis ein kan forankre prosessen fram mot ei endeleg skisse til fellesnemnda.

Det er naudsynt å samle innspel både frå andre folkevalde, administrasjonen rundt i kommunane, frå næringsliv (i spørsmålet om rolle rundt næringsutvikling), frå frivillige lag og foreiningar, og frå innbyggjarane meir generelt. Når det gjeld næringslivet må dette avstemmast opp mot den prosessen som no går føre med å samordne næringsråda i dei fem kommunane (gjennom Region Ålesund-samarbeidet).

Ein slik breiare høyringsprosess må vere mangesidig, og kombinere informasjonsformidling (om prosess og kva intensjonsavtalen seier i dag), med moglegheit for å kome med innspel på korleis organa skal utformast og kva som vil engasjere.

Det vil vere nyttig å ta med erfaringane frå leiarar i dei eksisterande bydelsutvala frå Ålesund kommune.

Delar av opplysningsarbeidet om dei nye nærdemokratiorgana kan gjerast i samarbeid med lokalmedia – til dømes gjennom kronikkar, og saker i lokalavisa (likt et som blei gjort i høve til gatenamn)

Ein ynskjer å konsultere med digitaliseringsgruppa for å sjå om der finst digitale verktøy som kan støtte opp under innbyggardialogen.

Det er sannsynleg at det ikkje er tilstrekkeleg med eit folkemøte aleine i kvar kommune om framtidens nærdemokrati i nye Ålesund; det kan hende ein må ha fleire folkemøte og kombinere desse møta med andre aktivitetar som kan trekke meir enn berre dei faste som stiller på slike arrangement. Ein ser for seg ei ordning med to møter i kvar grend. Det første møte informerer og samlar innspel, og det andre møtet presenterer utviklinga i arbeidet, med ny innspelsrunde. Det bør vere underhaldning og bevertning.

Ein digital plattform vil kunne samle innspel frå dei som ikkje tek ordet i ei stor forsamling. Eldreråd, ungdomsråd og råd for menneskje med nedsett funksjonsevne bør være særleg invitert, saman med til dømes lokale foreiningar og lag. Dersom det finst eit digitalt verktøy som kan gjere at dei som ikkje tar ordet i store forsamlingar kan bidra, bør ein nytte det.

Det er viktig at når ein legg opp til at innbyggjarane skal høyrast, så må dei høyrast på ei tid der det er truverdig. Vi kan ikkje samle desse innspela på slutten av prosessen. Det må og vere klart og tydeleg om kva som ein ynskjer innspel på. På den andre sida, blir prosessen *for* open blir det også vanskeleg å kome med innspel – vi må derfor gi struktur til ordskiftet. Her er det anledning til å spille opp ballar til diskusjon, som gjerne kan vere litt brennbare for å få fart på dialogen.

Det blei påpeika at det er to vis å sikre suksess for kommunedelutvala: det eine er at ein klarar å byggje ein lokal interessefellesskap ved å tildele meningsfulle oppgåver (t.d. budsjett som kan disponerast). Den andre måten er å byggje opp utvala som eit tydeleg talerøyr opp til kommunestyret og administrasjon.

Som ein del av avgjerdsgrunnlaget til dei folkevalde er det naudsynt å synleggjere 'prisen' for nærdemokratiorgana; ein må kostnadsberekne ulike alternativ for administrativ støtte. Til dømes må ein avklare om organa berre skal ha sekretariat, eller om dei skal ha knytt saksbehandlarkompetanse til seg. Uansett må ein sjå på korleis dei administrative ressursane kan koplast til sørvistorga som skal etablerast i dei fem kommunane.

Rapportar om nærdemokratiske organ framhevar at det er kritisk at organa gis tilstrekkeleg administrativ støtte gjennom et sekretariat som sørgjer for den daglege drifta. Det vil vere ei fallitterklæring om aktiviteten i kommunedelutvala primært blir om å forsvare dei små administrative ressursane som dei er tildelt.

P2 må og sikre forankring i fellesnemnda på eit tidleg tidpunkt om i kva grad intensjonsavtalen kan fråvikast rundt dette tema. Det er tilrådeleg at arbeidsutvalet lagar ei utgreiing om tema som er klart til neste møte i komiteen, og som kan leggest fram for fellesnemnda 12. april. Då kan dette bli behandla raskt og avklart. Komiteen vil då kunne kome tilbake med detaljar omkring kommunedelutvala seinare, eventuelt over sommaren når ein har sikra god forankring.

Kari Grindvik foreslo at ein vurderer om kommunedelutvala bør kallast 'lokalsamfunnsutval', og at dei har følgjande oppgåver:

- Lokalsamfunnsutvalet skal legge til rette for god dialog mellom folkevalde og innbyggjarane.
- Lokalsamfunnsutvalet har initiativrett overfor folkevalde organ og kan sjølv ta opp saker som vedkjem lokalområdet.
- Lokalsamfunnsutvalet skal vere høyringsinstans i saker som vedkjem lokalområdet, og medverke i planprosessar som gjeld området.

- Lokalsamfunnsutvalet har avgjerdsmynde i disponering av dei økonomiske midlane som kommunestyret stiller til disposisjon.
- Lokalsamfunnsutvalet skal støtte og legge til rette for at lokale aktørar kan drive gode sosiale og kulturelle aktivitetar.
- Lokalsamfunnsutvalet skal legge til rette for brei medverknad i saker som vedkjem lokalmiljøet.

Dette tek opp i seg mykje frå intensjonsavtalen, og var tenkt som eit utgangspunkt for ordskiftet.

I den påfølgande diskusjonen blei det spurt om ein må vere enda meir presis i skildringa av mandatet. Ein observasjon er at reglementa, t.d. slik Ålesund har det for bydelsutvala i dag, ofte runde formuleringene. I forsøket på å konkretisere må ein vere obs på at meir detaljar kan ofte føre til rigide grenser og at noko lett hamnar utanfor. Ein kan t.d. sjå for seg ei løysing med runde mandat, og så at det blir opp til lokalutvala å finne ut korleis dei sjølv vil praktisere innanfor mandatet.

Kommunane har per i dag ulike løysingar for organisering av lokale ting som t.d. 17. mai arrangement osv. Vi må ta omsyn til dagens organisering på nokre av dei framlegga som intensjonsavtalen har - slik at ein ikkje tek vekk dugnadsånda, og gjer allting om til kommunalt ansvar.

Om inndeling

I intensjonsavtalen kan man lese: "Kvart utval dekkjer kvart sitt geografiske område som i utgangspunktet svarar til dei gamle kommunegrensene, med unntak av Ålesund og Haram, der det kan bli aktuelt med fleire utval."

Ei mogleg tolking av denne teksten, er at ein behaldar dei fem bydelsutvala i Ålesund som er i dag, og supplere med eit ekstra for kvar av dei fire andre kommunane, med opning for at Haram kan delast i fleir (med utgangspunkt i folketalet). Dette vil gi omkring ti eller elleve utval, avhengig av kor mange ein opprettar i Haram.

Dette talet vil vere krevjande å administrere og kan gi manglande heilskap, litt avhengig av kor mykje mynde ein ynskjer å delegere til organa.

For å stimulere til diskusjon om kommunedelutvalsgrensene introduserte Mads Solberg eit alternativt forslag til grenser/inndeling.

Forslaget er basert på ei avveging mellom ulike relevante faktorar, som folkestørrelse, geografi og bevaring av det kjente (samtidig som ein ikkje berre reproducerer gamle kommunegrenser). I dette forslaget legg ein opp til fem kommunedelutval. Ålesund blir delt inn i to kommunedelutval ved å slå saman dei to indre (Spjelkavik, Åse og Lerstad/Indre Borgund), og dei tre ytre (Hessa, Aspøy og Sentrum/Nørvøy, Nørvasund og Hatlane/Ellingsøy). Skodje og Ørskog blir eit kommunedelutval, medan 'fastlands' Haram blir eit (Brattvåg/Vatne/Søvik/Austnes), og Nordøyane med Sandøy kommune blir eit.

Når det gjeld folketal vil ytre Ålesund då ha ~23 000, Indre Ålesund ~21000, Skodje og Ørskog ~7000, Haram ~7500, og Nordøyane og Sandøy ~2500.

Forslaget er meint for å stimulere eit ordskifte om kva ein ynskjer å få ut av utvala, og kor dei skal definerast på 'medverknadstrappa'. Komiteen må sjå nærare på kva slags alternativ som skal presenterast som utgangspunkt i folkemøta. Det er naudsynt å skape engasjement, samtidig som ein unngår å framandgjere folk heilt.

Det må i tillegg bereknast kva ulike alternativ vil koste i høve til administrativ støtte (politisk sekretariat/saksbehandlarkompetanse etc.). Ein bør sjå korleis administrative ressursar kan koplast til sørvistorga som skal etablerast i dei ulike kommunedelsentra.

På vegne av komiteen,

Mads Solberg
Ålesund - 28.2.2018